

Retningslinjer for Kurs- og kompetanseutvalet i DNT Sogn og Fjordane

Hovudoppgåver

I samarbeid med fjellsportgrupper lokalt: arbeide for å auke interessa for fjellsport i Sogn og Fjordane ved å tilby relevante kurs

Arbeide for at alle fellesturar i regi av lokale turlag er leia av DNT-godkjente turleiarar

Arbeide for å auke kompetansen i våre lokallag ved å tilby relevante kurs, eksempelvis:

Turleiar kurs i samsvar til DNT sentralt sin turleiarstige

Fjellsportkurs som skred, bre og klatring

I samarbeid med lokallaga og administrasjonen; arbeide for at turleiarar i lokallaga opprettheld sin kompetanse på turleiing

Arbeide for at turleiarar har DNT-anbefalt kompetanse i førstehjelp

I samarbeid med administrasjonen: tilby andre typar kurs som lokallaga melder inn behov for.

I samarbeid med styret, administrasjon og lokallag: bidra i arbeidet for at all aktivitet som vert arrangert av eit lokalt turlag eller Barnas Turlag under DNT Sogn og Fjordane vert gjennomført utan skader.

Organisering av utvalet

Kurs- og kompetanseutvalet skal bestå av ein leiar, 2 medlemmer og 1 varamedlem. Utvalet vert vald av DNT Sogn og Fjordane sitt årsmøte. Leiar er vald for 1 år om gangen, medlemmene er vald for 2 år om gangen.

Kurs- og kompetanseutvalet blir innkalla, og bør møte med leiar eller eit av medlemmene på DNT Sogn og Fjordane sine styremøter, fellesmøte og årsmøte.

Medlemmer i utvalet bør ha kompetanse i/interesse for dette fagområdet.

Kurs- og kompetanseutvalet skal ha jamnlege arbeidsmøter ved behov (teams eller fysiske møter)